



Kommunal- og regionaldepartementet

KOMM. OG REG. DEP
12 FEB 2005
0412771-188
Ark. 013
Avd. RA 1 SSA 1 MAG

Dykkar ref.

Vår ref.  
03/942-10/04/6568//OSN

Dato:  
Manger: 01.02.2005

## DISTRIKTSKOMMISJONEN/STERKE REGIONER - HØYRING

Me viser til Dykkar høyringsbrev.

Radøy formannskap handsama saka i møte 31.01.2005 og gjorde slikt vedtak om følgjande fråsegn:

"Innstillinga frå Distriktskommisjonen syner at det er mogeleg med ein meir offensiv distrikts- og regionalpolitikk. Innstillinga dokumenterer at Noreg har eit stort handlingsrom i distrikts-politikken. Det er opp til norske politikarar å ta heile Noreg i bruk, gjennom ei aktiv tilrettelegging for å utløysa det verdiskapingspotensialet som finst i alle deler av landet.

1. Radøy kommune sluttar seg til dei mål og strategiar som ein samla Distriktskommisjon står bak. Regionalpolitikken må vera tilpassa føresetnadane og behova i den einskilde region. Ein målretta distriktpolitikk må komma i tillegg til regionalpolitikken.

Distrikts- og regionalpolitiske målsetjingar og resultatkrav må på nytt bakast tydelegare inn i sektorpolitikken. Dei ulike sektorane må sjåast meir i samheng enn i dag.

### 2. Innanfor dei ulike sektorane vil Radøy:

- tilrå at prinsippet om "vern gjennom fornuftig bruk" vert lagt til grunn som forvaltningsprinsipp i verneområde, og at det vert opna for regionale tilpassingar og prioriteringar innanfor arealvern og bruk av arealressursar.
- støtta dei samrøystes tilrådingane på landbruk, men gå mot forslag til omdisponeringar av landbruksstøtte slik eit fleirtal går inn for. Eventuelle reduksjonar i det samla produksjonstillegget i landbruket, til dømes som følgje av nye internasjonale reglar, må kanaliseras til landbruk og bygdeutvikling. Dersom ikkje dette er mogeleg, må midlane nyttast til andre utviklingstiltak i dei område som vert ramma.
- støtta framlegget om at det er kommunane og ikkje staten som skal ha godtgjering for bruk av sjøareal til havbruksnæringa. Kystnære sjøareal er ein avgrensande faktor for utvikling av næringa, og inntekter vil kunna gje kommunane insentiv til å leggja ut areal til næringa.
- be departementet gjennomføra ein analyse av den geografiske avgrensinga av det distriktpolitiske verkeområdet. Radøy ber om at dette vert vurdert i høve til

kommunar og område som i dag ligg utanfor dei større ABS-regionane og samstundes ikkje er definert inn under det distriktpolitiske verkeområdet.

- tilrå å oppretthalda og auka pendlarfrådraget som viktig verkemiddel for busetnad.
  - støtta dei samrøystes tilrådingane i høve samferdsle og annan infrastruktur, og vil særskilt understreka at det offentlege må ta ansvar for å få bygd ut IKT-infrastruktur i heile landet.
3. Radøy kommune vil streka under at nærleiksprinsippet – at offentlege avgjerder vert tatt så nær dei det vedkjem som mogeleg – må leggjast til grunn for oppgåvefordelinga. Dei oppgåver som kan leggjast til kommunane må delegerast til lokalt nivå. Radøy kommune vil sterkt streka under kravet om å få balanse i kommuneøkonomien og forhandlingsrett mellom kommunane og staten i høve nye oppgåver. Inntektssystemet til kommunane må ta utgangspunkt i at distriktskommunar skal kompenseras for ekstra kostnader i høve demografi og avstand. Det er og viktig at kommunane får eit økonomisk grunnlag til å kunna vera ein aktiv utviklingsaktør.  
Alle kommunar bør framleis vera generalistkommunar, men kan spesialisera seg gjennom samarbeid om oppgåveløysing.
4. Distriktskommisjonen tilrår at ein hovudstrategi må vera å desentralisera makt til underliggjande forvaltingsnivå.  
Radøy kommune ønskjer ei forvaltingsreform med større makt til regionalt og lokalt nivå. Eit regionalt folkestyrt leiarskap er garantisten for ein heilskapleg og samordna politikk. Ein slik politikk er regionalt tilpassa og samordna, er meir treffsikker i høve utfordringane, og difor meir effektiv.
5. Det lokale sjølvstyret må grunnlovfestast.
6. Distriktskommisjonen skildrar ein fragmentert statleg politikk, der kvar sektor organiserer seg utifrå kva som vert vurdert som optimalt i den einskilde sektor. Dette fører til mangel på heilskaplege løysingar, og vanskeleggjer ei samordna styring.  
Det må leggjast opp til ei styrka samordning av statleg sektorpolitikk på regionalt nivå. Staten si regionale organisering må tilpassast den eventuelle nye inndelinga i folkevalde sterke regionar.
- Lokalisering av statlege, regionale og kommunale arbeidsplassar må brukast aktivt for å tilføra lokalsamfunn og regionar nye utviklingsressursar i form av arbeidsplassar, kompetanse og fagmiljø.
7. Radøy kommune sluttar seg til Distriktskommisjonen si fleirtalstilråding om at det er trong for eit folkevald regionalt nivå. Radøy meiner at når regionane skal ha ansvar for breie samfunnsoppgåver, må det vurderast større regionar enn dagens fylkeskommunar.

**Det bør såleis arbeidast vidare med å etablera ein region på Vestlandet.”**

Vedtaket i Radøy formannskap var samrøystes med unntak for pkt. 4 og 7 som vart gjort med 5 mot 2 røyster (Frp og KrF).

Med helsing



Olav Steinar Namtvedt  
ordførar

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Formannskapet	02.12.2003	181/03	OSN
Formannskapet	31.01.2005	020/05	OSN

Avgjerslemynde: Formannskapet Sakshandsamar: Olav Steinar Namtvedt	Arkiv: K1-020 Objekt:	Arkivsaknr 2003000942
-----------------------------------------------------------------------	--------------------------	--------------------------

### DISTRIKTSKOMMISJONEN/STERKE REGIONER

#### Dokumentliste:

1. NOU 2004:19 "Livskraftige distrikter og regioner.
2. KOU 2004: 1 "Sterke regioner.

#### Saksutgreiing:

Høyring NOU 2004:19 "Livskraftige distrikter og regioner - rammer for en helhetlig og geografisk tilpasset politikk" og KOU 2004: 1 "Sterke regioner – Forslag til ny regioninndeling av Norge".

#### Innleiing

Distriktskommisjonen vart sett ned av Regjeringa i februar i 2003. Mandatet vart å gå igjennom alle sider ved distrikts- og regionalpolitikken, og gjere framlegg om endringar i innretting og verkemiddelbruk. Kommisjonen sitt arbeid ligg føre som NOU 2004:19 Livskraftige distrikter og regioner, og er no til høyring i kommunar, fylkeskommunar og andre.

#### 1. Distriktskommisjonen tar utgangspunkt i følgjande:

Sprik mellom mål og røyndom. Sentraliseringa held fram som før, og dei verkemidlar som blir sett inn er ikkje tilstrekkelege til å kunna endre utviklinga. Likevel høyrer me den politiske retorikken og målsettinga om å bevare hovudtrekka i busetjingsmønsteret.

Verdiskapingspotensial som ikkje blir utløyst. I heile landet, og særleg i distrikta, er det ressursar som ikkje blir utnytta. Handlingsromma lokalt blir innsnevra i ein slik grad at lokalsamfunn ikkje lenger blir i stand til å ta ansvar for eiga utvikling.

Mangel på heilskapsperspektiv. Ein meir sektorisert statleg politikk (t.d. gjennom ulike regioninndelingar) gjer det vanskelegare å tilpasse regional- og distriktpolitikken til føresetnader og utfordringar i det einskilde lokalsamfunn og den einskilde region.

#### Visjon.

Utvalet gjer framlegg om følgjande visjon:

**"Videreutvikle attraktive og livskraftige lokalsamfunn gjennom et aktivt og konkurransedyktig næringsliv og likeverdige tjenestetilbud i hele landet, med sikte på å oppretthalde hovedtrekkene i bosettingsmønsteret"**

Hovudmålet for distriktskommisjonen er å skapa vekst og utvikling i alle deler av landet, for på denne måten å auke den nasjonale verdiskapinga. For å sikra dette, må politikken ha eit regionalt perspektiv, som går ut over den einskilde kommune, og vera tilpassa føresetnader og behov i den einskilde region.

**Heile kommisjonen tilrår at ein hovudstrategi bør vera å desentralisere makt til underliggjande forvaltningsnivå.**

Vidare at staten framleis skal ha det overordna ansvaret for sektorpolitikken og å fastsetje distrikts- og regionalpolitiske målsetjingar knytt til dei ulike politikkområda.

Fleirtalet meiner det er behov for desentralisering av makt til både kommune- regionnivå. Mellom anna ønskjer dei eit langt sterkare regionalt nivå enn dagens fylkeskommunar, og meiner at dette må skje gjennom næringsutvikling, kultur og idrett, kommuneoverskridande areal- og ressursforvaltning, visse oppgåver innan helse og verkemiddel innan viktige distriktsnæringar.

## **2.KOU 2004: 1 Sterke regioner**

KS har bede professor Tor Selstad ved Høgskulen i Lillehammer om å leggja fram og begrunna tre konkrete, kartfesta alternative forslag til regioninndeling.

Utgangspunktet for Selstad si utgreing er vedtak i Landsstyret 19.mai 2004 og i sentralstyret 2.juni 2004 og 1.september 2004. Det vert spesielt vist til første punkt i sentralstyret sitt vedtak 3.juni.

”KS mener at det bør opprettes færre og større folkestyrte regioner til erstatning for dagens fylkeskommuner, gitt at det samtidig skjer en omfattende og systematisk overføring av oppgaver, ansvar og beslutningskompetanse fra staten til de nye folkevalde regionene innenfor de politikkområder som er særleg viktige for den regionale utviklingen – og at de nye regionene sikres en finansiering som samsvarer med oppgavene. Regionene bør utgjøre naturlege, geografiske enheter.”

KS sitt arbeid for ny regioninndeling har som grunnleggjande premiss at det vert overført oppgåver, ansvar og beslutningsmynde frå staten til dei nye folkevalde regionane innanfor dei politikkområde som er særleg viktig for den regionale utvikling. Ein annan viktig premiss er at dei nye regionne vert sikra ei finansiering som samsvarar med oppgåvene – at pengane følgjer oppgåvene frå staten til regionane.

**Radøy kommune finn det praktisk og fornuftig å uttala seg til begge utgreiingane samla, då spørsmåla i det store bilete er dei same, sjølv om det er skilnad i tilnærminga.**

### **Fråsegn:**

Innstillinga frå Distriktskommisjonen syner at det er mogeleg med ein meir offensiv distrikts- og regionalpolitikk. Innstillinga dokumenterer at Noreg har eit stort handlingsrom i distrikts- politikken. Det er opp til norske politikarar å ta heile Noreg i bruk, gjennom ei aktiv tilrettelegging for å utløyse det verdiskapingspotensialet som finst i alle deler av landet.

1. Radøy kommune sluttar seg til dei mål og strategiar som ein samla Distriktskommisjon står bak. Regionalpolitikken må vera tilpassa føresetnadane og behova i den einskilde region. Ein målretta distriktspolitikk må komma i tillegg til regionalpolitikken.

Distrikts- og regionalpolitiske målsetjingar og resultatkrav må på nytt bakast tydelegare inn i sektorpolitikken. Dei ulike sektorane må sjåast meir i samanheng enn i dag.

2. Innanfor dei ulike sektorane vil Radøy:

- tilrå at prinsippet om "vern gjennom fornuftig bruk" vert lagt til grunn som forvaltningsprinsipp i verneområde, og at det vert opna for regionale tilpassingar og prioriteringar innanfor arealvern og bruk av arealressursar.
- støtta dei samrøystes tilrådingane på landbruk, men gå mot forslag til omdisponeringar av landbruksstøtte slik eit fleirtal går inn for. Eventuelle reduksjonar i det samla produksjonstillegget i landbruket, til dømes som følgje av nye internasjonale reglar, må kanaliseras til landbruk og bygdeutvikling. Dersom ikkje dette er mogeleg, må midlane nyttast til andre utviklingstiltak i dei område som vert ramma.
- støtta framlegget om at det er kommunane og ikkje staten som skal ha godtgjering for bruk av sjøareal til havbruksnæringa. Kystnære sjøareal er ein avgrensande faktor for utvikling av næringa, og inntekter vil kunna gje kommunane insentiv til å leggja ut areal til næringa.
- be departementet gjennomføra ein analyse av den geografiske avgrensinga av det distriktspolitiske verkeområdet. Radøy ber om at dette vert vurdert i høve til kommunar og område som i dag ligg utanfor dei større ABS-regionane og samstundes ikkje er definert inn under det distriktspolitiske verkeområdet.
- tilrå å oppretthalda og auka pendlarfrådraget som viktig verkemiddel for busetnad.
- støtta dei samrøystes tilrådingane i høve samferdsle og annan infrastruktur, og vil særskilt understreka at det offentlege må ta ansvar for å få bygd ut IKT-infrastruktur i heile landet.

3. Radøy kommune vil streka under at nærleiksprinsippet – at offentlege avgjerder vert tatt så nær dei det vedkjëm som mogeleg – må leggjast til grunn for oppgåvefordelinga. Dei oppgåver som kan leggjast til kommunane må delegerast til lokalt nivå. Radøy kommune vil sterkt streka under kravet om å få balanse i kommuneøkonomien og forhandlingsrett mellom kommunane og staten i høve nye oppgåver. Inntektssystemet til kommunane må ta utgangspunkt i at distriktskommunar skal kompenseras for ekstra kostnader i høve demografi og avstand. Det er og viktig at kommunane får eit økonomisk grunnlag til å kunna vera ein aktiv utviklingsaktør.

Alle kommunar bør framleis vera generalistkommunar, men kan spesialisera seg gjennom samarbeid om oppgåveløysing.

4. Distriktskommisjonen tilrår at ein hovudstrategi må vera å desentralisera makt til underliggjande forvaltningsnivå.

Radøy kommune ønskjer ei forvaltningsreform med større makt til regionalt og lokalt nivå. Eit regionalt folkestyrt leiarskap er garantisten for ein heilskapleg og samordna politikk. Ein slik politikk er regionalt tilpassa og samordna, er meir treffsikker i høve utfordringane, og difor meir effektiv.

5. Det lokale sjølvstyret må grunnlovfestast.

6. Distriktskommisjonen skildrar ein fragmentert statleg politikk, der kvar sektor organiserer seg utfrå kva som vert vurdert som optimalt i den einskilde sektor. Dette fører til mangel på heilskaplege løysingar, og vanskeleggjer ei samordna styring.

Det må leggjast opp til ei styrka samordning av statleg sektorpolitikk på regionalt nivå. Staten si regionale organisering må tilpassast den eventuelle nye inndelinga i folkevalde sterke regionar.

Lokalisering av statlege, regionale og kommunale arbeidsplassar må brukast aktivt for å tilføra lokalsamfunn og regionar nye utviklingsressursar i form av arbeidsplassar, kompetanse og fagmiljø.

7. Radøy kommune sluttar seg til Distriktskommisjonen si fleirtalstilråding om at det er trong for eit folkevald regionalt nivå. Radøy meiner at når regionane skal ha ansvar for breie samfunnsoppgåver, må det vurderast større regionar enn dagens fylkeskommunar.

**Det bør såleis arbeidast vidare med å etablera ein region på Vestlandet.**

### **31.01.2005 FORMANNSKAPET**

Formannskapet vedtok samrøyste punkt 1, 2, 3, 5 og 6 i fråsegna.

Pkt. 4 og 7 vart vedtatt mot 2 røyster (Frp og H)

*Rett utskrift*



**RADØY KOMMUNE**  
KROSSVEGEN 8  
5936 MANGER

*Leif Saule*